

Skriftleg utgreiing som vedlegg til førespurnad om førehandskonferanse.**Tiltaket gjeld:** Oppføring av naust på GBnr 173/57 og 53, 5912 Seim**Tiltakshavar:** Jan Nesse, Elsåsvegen 111 A, 5912 Seim (bnr 57)
Bengt Otterås, Grasmepo 58, 5355 Knarrevik (bnr 53)**Ansvarleg sækjar:** Reigstad bygg og eigedom as, Osterfjordvegen 124, 5914 Isdalstø**Planstatus eigedom: LNF**

Kommuneplan for Lindås 2011-2023

Føresenger til planen datert: 22092011

Tomtestorleik: Gbnr 173/57 : 227 m², gbnr 173/53: 353 m²**Innleiing**

Det har tidlegare vore gjeve løyve til frådelling (1975 både 57 og 53) og byggeløyve for oppføring av naust på bnr 53 (ca 1997). Området vart deretter utsprengt (både 57 og 53) og veggjar i betong (H=4m), kai og golv vart støypt på bnr 53. Pga sjukdom/bortgang vart ikkje tiltaket fullført innan tida for byggeløyvet.

Det vart i 2010 søkt om dispensasjon og byggeløyve for oppføring av naust på begge eigedomane, der utfallet vart endeleg avslag frå Fylkesmann (LK sak: 2010/1130, gbnr 173/57). I tillegg til at tiltaka ikkje var i samsvar med plan/strandsone vart avslaga begrunna i mellom anna storleik og utsjånad (BRA90m², MH=7m, 2 etasjer, glasstorleik m.v).

Området framstår i dag som lite tiltalande, der murverket utgjer den største visuelle belastninga.

Tiltakshavarane vurderer no å prøve ny sak om dispensasjon, der storleiken på nausta er vesentleg redusert, og meir i samsvar med føringane for naust som er gjeve i føresegna pkt.2.54 mfl. til kommuneplanen. Med skissert løysing vil fellestiltaket skjule det vesentlege av muren, og vil gje området ei visuell opprydding.

Tiltaket er framleis vere i strid med kommuneplan og byggeforbod i strandsona.

Jf. førhistorien og politikarane si positive og klare tale i desse sakene, utbygginga som allereie er gjort i området, og at fleire har frådelt ubebygde naustetomtar her, er det sannsynleg at området vert avsett til naust ved ny revisjon av kommuneplanen. Alternativet til å fremje sak om dispensasjon vert då å vente på revisjonen.

Tema for førehandskonferanse

Tiltakshavarane ønskjer i førehandskonferansen administrasjonen si vurdering av skissert tiltak. Om det vil vere større mogelegheiter for å nå fram med dette tiltaket, eventuelt kva som kan gjerast for å få realisert ønskje om naust.

Er det gjeve dispensasjonar i andre tilsvarende saker innan noverande kommuneplan?

Alternativet vil vere å vente på rullering av kommuneplanen- når kan ein i so fall forvente oppstart av denne?

Vedlegg:

- 1) Eksisterande situasjon/kart, ny situasjon (M=1:500 A4)
- 2) Skisser bygg, plan snitt illustrasjon (M=1:100 A4)
- 3) Orthofoto, foto, utsnitt kommuneplan

Med helsing

Kjell Reigstad
Ansvarleg søkjar